

Prop. 128 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2011

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet av 27. mai 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Regjeringa gjer med dette framlegg om å auke løyvingar på statsbudsjettet for 2011 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet (G) og pensjonar i folketrygda og i visse andre pensjonsordningar frå 1. mai 2011.

Departementet viser til forskrift 27. mai 2011 om grunnbeløp, reguleringsfaktorer og satser for minste pensjonsnivå fra 1. mai 2011 fastsett ved Kongeleg resolusjon same dagen.

Grunnbeløpet er auka frå 75 641 kroner til 79 216 kroner frå 1. mai, det vil seie med 4,73 prosent. Uførepensjonistar og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet, får dermed ein tilsvarande auke frå same dato. Alderspensjon under opptening blir også oppregulert med 4,73 prosent.

Alderspensjon under utbetaling blir regulert med lønnsauken på 4,73 prosent og frå denne summen blir det fråtrekt 0,75 prosent. Dette inneber at alderspensionistar får auka pensjonen med 3,94 prosent frå 1. mai 2011.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensionistar er auka med lønnsauken på 4,73 prosent og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløp-

ting, noko som inneber at satsane er auka med 4,21 prosent. Satsane er frå 1. mai 2011 sette til 125 338 kroner for låg sats, 145 822 kroner for ordinær sats, 157 639 kroner for høg sats og 236 471 kroner for særskilt sats.

Meirutgiftene for 2011 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar blir om lag 7 230 mill. kroner.

2 Bakgrunn – nærmere om reguleringa

Dei nye reglane for regulering

Frå 1. januar 2011 er det innført nye reglar for regulering av pensjonar i folketrygda. Reglane går fram av folketrygdlova §§ 1-4, 19-14 og 20-18 og forskrift 6. mai 2011 nr. 465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden. Alderspensjon under utbetaling (løpende pensjon) blir regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Satsane for minste pensjonsnivå blir regulert i samsvar med lønnsauken og deretter justert for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløp-

pet og alderspensjon under opptening blir regulert i samsvar med lønnsauken. Uførepensjon og andre ytingar som blir regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet, blir dermed regulert i samsvar med lønnsauken. Det er gjort tilsvarende endringar i andre pensjonsordningar.

Til grunn for reguleringa ligg venta lønnsauke i reguleringsåret, justert for eventuelle avvik mellom venta og faktisk lønnsauke siste år. Det skal også vurderast om det er særlege forhold som har påverka lønnsutviklinga for einskilde grupper, og om effekten av dette skal haldast utanfor ved fastsettjinga av lønnsauken. Talgrunnlaget skal drøftast med organisasjonane til pensjonistane, dei funksjonshemmede og arbeidstakarane før grunnbeløpet og pensjonar blir regulerte.

Drøftingar med organisasjonane

Grunnlaget for reguleringa har vore drøfta med Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar, Landsorganisasjonen i Noreg, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne. Sjå nærmare om drøftinga i vedlagte protokoll.

I tråd med forskrifta blir det etter dette lagt til grunn ein venta lønnsauke på 3,9 prosent i 2011 i tråd med regjeringas anslag som går fram av revisert nasjonalbudsjett for 2011. I trygdeoppgjeret 2010 blei det lagt til grunn for reguleringa av grunnbeløpet ein venta lønnsauke på 3,25 prosent i tråd med regjeringas anslag i revisert nasjonalbudsjett for 2010. Faktisk lønnsauke for 2010 er førebels anslått til 3,75 prosent i rapporten Grunnlaget for inntektsoppgjørene frå Det tekniske berekningsutvalet 5. april 2011. Det er såleis eit avvik på 0,5 prosentpoeng frå 2010.

Reguleringa av grunnbeløpet, pensjonane og satsane for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2011

Når det er eit avvik frå fjoråret, skal det først takast omsyn til avviket og deretter til den venta prosentvise lønnsauka i inneverande år. Den samla årlege lønnsauka er på denne bakgrunnen fastsett til 4,42 prosent.

Reguleringa av grunnbeløpet og pensjonane skjer med verknad frå 1. mai. Det nye grunnbeløpet frå 1. mai 2011 skal dermed fastsetjast slik at den prosentvise auka i det gjennomsnittlege grunnbeløpet frå 2010 til 2011 blir lik den samla årlege lønnsauka. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka med 4,42 prosent frå 2010 (74 721 kroner) til 2011 (78 024 kroner). Nytt grunnbeløp frå 1. mai 2011 er fastsett til 79 216 kroner. Den prosentvise auka i grunnbeløpet frå 75 641 kroner til 79 216 kroner frå 1. mai 2011 er 4,73 prosent. Det inneber at uførepensjonistar og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet, får ein tilsvarende auke frå same dato. Alderspensjon under opptening blir også oppregulert med 4,73 prosent.

Alderspensjon under utbetaling skal regulertast med lønnsauka og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Pensjonen blir først oppregulert med 4,73 prosent og frå denne summen blir det fråtrekt 0,75 prosent. Dette inneber at alderspensjonistar får auka pensjonen med 3,94 prosent frå 1. mai 2011.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar frå 1. januar 2011 blei fastsett ved forskrift 8. juli 2010 nr. 1083. Desse satsane er auka frå 1. mai 2011 med lønnsauken på 4,73 prosent og deretter justerte for effekten av levealdersjustering for 67-åringar i reguleringsåret ved å multiplisere med forholdet 1,000/1,005. Dette inneber at satsane er auka med 4,21 prosent.

Satsane er frå 1. mai 2011 sette til 125 338 kroner for låg sats, 145 822 kroner for ordinær sats, 157 639 kroner for høg sats og 236 471 kroner for særskilt sats. Når det gjeld kva satsar ein har rett til, viser departementet til folketrygdlova § 19-8.

3 Nærare om utviklinga i grunnbeløpet og lønner dei seinare åra

Tabell 3.1 viser utviklinga i grunnbeløpet og i inntektene før skatt for pensjonistar i folketrygda og lønnstakarar i perioden 2003–2010. Dei fleste pensjonistane har inntekter i tillegg til pensjonsinntekta. Utviklinga i desse inntektene er ikkje med her.

Tabell 3.1 Utvikling i grunnbeløpet, minstepensjonane, gjennomsnittleg alders- og uførepensjon og inntekta for lønnstakrar. Prosentvis endring frå året før og gjennomsnittleg endring per år 2003 - 2010.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Endring 2003–2010	Endring per år
Grunnbetøpet	3,9	3,3	3,5	5,4	5,5	4,2	3,8	33,5	4,2
Minstepensjon for einslege	3,9	3,3	3,5	5,4	11,3	7,9	5,4	48,2	5,8
Minstepensjon for ektepar/sambuande	6,1	4,9	4,0	5,4	11,9	8,2	5,5	55,8	6,5
Alderspensjon i gjennomsnitt ¹	5,4	4,8	4,8	6,5	7,6	6,1	5,6	48,6	5,8
Uførepensjon i gjennomsnitt	3,3	3,9	3,7	5,4	6,7	4,6	4,1	36,2	4,5
Lønnstakrar i alt	3,5	3,3	4,1	5,4	6,3	4,5	3,75	35,2	4,4
Industriarbeidarar i NHO- området	3,6	3,4	3,6	5,5	5,7	3,9	3,6	32,2	4,2
Statstilsette	3,7	3,4	4,5	5,1	6,7	4,4	4,5	37,0	4,6
Kommunetilsette	3,8	3,4	3,9	4,8	6,7	4,6	3,7	35,1	4,4

¹ Gjennomsnittleg pensjon er rekna ut frå rekneskapen.

Kjelde: Det tekniske berekningsutvalet NOU 2010: 4 og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Pensjonane til den einskilde aukar til vanleg tilsvarende veksten i grunnbeløpet med mindre det skjer endringar i regelverket.

Pensjonane for dei einslege minstepensjonistane har auka meir enn grunnbeløpet av di særtillegget ordinær sats blei auka til frå 79,33 prosent til 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008, til 97 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2009 og til 100 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2010.

For ektepar og sambuarar med minstepensjon var auken sterkare i åra 2003–2006 og 2008–2010 både på grunn av auken i særtillegget og av di grunnpensjonen for ektepar og sambuande blei trappa opp i åra 2003–2005. Grunnpensjonen auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003, til 0,825 G frå 1. mai 2004 og til 0,85 G frå 1. mai 2005. Den siste endringa fekk heilårsverknad i 2006.

Gjennomsnittleg pensjon har dei siste åra også auka med meir enn grunnbeløpet, og med meir enn auka i særtillegget og i grunnpensjonen for ektepar og sambuarar skulle tilseie. Dette kjem av at pensjonistane i aukande grad har tent opp tilleggspensjon.

Den historiske utviklinga av pensjonane med vidare går fram av tabellane i vedlegget til proposasjonen. Tabell 1.2 viser utvikling i minstepensjonane til alderspensjonistar, uførepensjonistar og unge uføre frå 1. mai 1992 til 1. mai 2012, medan tabell 1.3 viser utviklinga av minstepensjonane frå 1970 til 2010 både i nominell og reell verdi. Det går fram at minstepensjonen har hatt ein særleg sterke realvekst. Dette heng saman med at satsane for særtillegget er trappa opp gjennom åra, seinast gjennom dei nemnde aukane i åra 2008–2010.

4 Skattereglane for pensjonistar i 2011

Skattereglane for pensjonistar blei endra frå 1. januar 2011. Mellom anna blei skatteavgrensingsregelen erstatta med eit særskilt skattefrådrag for AFP- og alderspensjonistar, trygdeavgifta for pensjonsinntekt auka og særfrådraget for alder avvika.

Særskilde reglar for AFP- og alderspensjonistar

Fra 2011 har AFP- og alderspensjonistar rett til eit særleg skattefrådrag som sikrar at pensjonistar med pensjon litt over minstepensjon ikkje betaler skatt av pensjonen. Skattefrådraget erstattar skatteavgrensingsregelen for desse gruppene. I 2011 utgjer skattefrådraget maksimalt 28 150 kroner og blir trappa ned mot høgare pensjonsinntekt enn 158 650 kroner. Frådraget blir trappa ned med ein sats på 15,3 pst. av pensjonsinntekt mellom 158 650 kroner og 242 000 kroner, og med ein sats på 6 pst. av pensjonsinntekt over 242 000 kroner. Frådraget er heilt utfasa ved ei pensjonsinntekt på omlag 498 600 kroner.

Særskilde reglar for uføre

Skattytarar som får førebels uførepensjon etter folketrygdlova § 12-16 eller uførepensjon av di arbeidsevna er varig nedsett med minst to tredelar, og som ikkje samstundes får arbeidsavklæringspengar frå folketrygda, skal i 2011 ha eit særfrådrag i inntekta på 2 667 kroner per månad, dvs. 32 000 kroner for heile året. Er arbeidsevna nedsett med mindre enn to tredelar, skal skattytaren

ha eit halvt særfrådrag. Særfrådraget blir gitt i allminneleg inntekt.

Uførrepensjonistar kan skattleggast etter ein særskild skatteavgrensingsregel som sikrar at dei med låg inntekt og formue ikkje skal betale skatt. Denne regelen inneber at skattytarar som har rett til fullt særfrådrag etter reglane som er nemnde ovanfor, ikkje skal betale skatt når nettoinntekta (allminneleg inntekt minus minstefrådrag pluss m.a. formuestillegg) er under 117 400 kroner for einslege og 106 700 kroner for gifte¹. Ved utrekninga av nettoinntekta skal ein leggje til 1,5 prosent av nettoformue over 200 000 kroner.

Skatteavgrensinga som følge av skatteavgrensingsregelen blir trappa ned med inntekta. Dette skjer ved at trygdeavgift og felles-, kommune- og fylkesskatt skal setjast til 55 prosent av den allminnelege inntekta som overstig dei skattefrie grensene. I motsetning til skattefrådraget for AFP- og alderspensjonistar, trappas fordelen ved skatteavgrensingsregelen ned mot all inntekt, og ikkje berre mot pensjonsinntekt. Skatteavgrensingsregelen skal nyttast når denne regelen gir lågast skatt. Den særskilde skatteavgrensingsregelen blir ikkje nyttा ved fastsettjing av toppskatt eller skatt på formue.

Skatteavgrensingsregelen gjeld òg for skattytarar som har overgangsstønad eller etterlatnepension.

Minstefrådraget for pensjonsinntekter

Når skatten skal reknast ut, blir lønnsinntekter og pensjonsinntekter reduserte med eit minstefrådrag. I 2011 utgjer minstefrådraget for pensjonsinntekter 26 prosent av inntekta, men maksimalt 62 950 kroner. Til samanlikning er minstefrådraget for lønnsinntekter på 36 prosent av inntekta, men maksimalt 75 150 kroner.

Trygdeavgift

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt o.a. i 2011 er 4,7 prosent. Til samanlikning er trygdeavgift på lønnsinntekt 7,8 prosent.

5 Pensjonar og ytingar frå folketrygda

Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Satsane for minste pensjonsnivå blir regulert i samsvar med lønnsauken og deretter justert for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløpet og alderspensjon under opptening blir regulert i samsvar med lønnsauken. Uførspensjon, ytingar til gjenlevande, arbeidsavklaringspengar og overgangsstønad blir regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet.

Under kap. 2670 Alderspensjon er det for 2011 til saman løyvd 128 209 mill. kroner. Det blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 3 584 mill. kroner, fordelt med 1 245 mill. kroner på Post 70 Grunnpensjon, 2 088 mill. kroner på Post 71 Tilleggspensjon, 1 mill. kroner på Post 72 Ventetillegg og 250 mill. kroner på Post 73 Særtillegg.

Under kap. 2655 Uførheit er det for 2011 til saman løyvd 56 004 mill. kroner. Det blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 1 731 mill. kroner, fordelt med 651 mill. kroner på Post 70 Grunnpensjon, 1 012 mill. kroner på Post 71 Tilleggspensjon, 66 mill. kroner på Post 72 Særtillegg og 2 mill. kroner på Post 76 Yrkesskadestrygd.

Under kap. 2680 Ytingar til gjenlevande ektefellar er det for 2011 til saman løyvd 2 407 mill. kroner. Det blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 76 mill. kroner, fordelt med 40 mill. kroner på Post 70 Grunnpensjon, 33 mill. kroner på Post 71 Tilleggspensjon og 3 mill. kroner på Post 72 Særtillegg.

Under kap. 2651 Ytingar under arbeidsavkla ring Post 70 Arbeidsavklaringspengar er det for 2011 løyvd 36 750 mill. kroner. Det blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 1 109 mill. kroner.

Under kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far Post 70 Overgangsstønad er det for 2011 løyvd 2 680 mill. kroner. Det blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 81 mill. kroner.

6 Andre pensjonsordningar

6.1 Pensjonar mv. frå Statens pensjonskasse

Tenestepensjonane i offentleg sektor er såkalla bruttoordningar som blir gitt i tillegg til folketrygda. Pensjonen frå folketrygda skal alltid beta-

¹ Gifte uføre som mottek ektefelletillegg får ein skattefri nettoinntekt på 206 700 og ekteparet blir skattlagt felles etter skatteavgrensingsregelen.

last fullt ut, medan tenestepensjonen blir redusert med eit samordningsfrådrag. Vanlegvis utgjer samordningsfrådraget $\frac{3}{4}$ grunnbeløp og heile tilleggspensjonen og/eller særtillegget når tenestepensjonen blir gitt for full tenestetid (vanlegvis 30 år).

Etter lov om Statens pensjonskasse skal alderspensjon under utbetaling regulerast ved at pensjonsgrunnlaget blir regulert årleg frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Uførepensjon og enkje- og enkjemannspensjon blir regulerte i samsvar med lønnsauken fram til fylte 67 år. Frå fylte 67 år blir pensjonsgrunnlaget regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Ved reguleringa skal dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nyttast.

Under kapitla 611, 612, 615 og 616 er det for 2011 til saman løyvd 9 315,5 mill. kroner. Dei totale meirutgiftene for pensjonane som følgje av reguleringa frå 1. mai 2011 vil utgjere om lag 542,5 mill. kroner.

Under kap. 611 Pensjonar av statskassa, blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 0,5 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om at departementet får fullmakt til å regulere pensjonane på same måten som pensjonar frå Statens pensjonskasse.

Under kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 537 mill. kroner, fordelt med 531,1 mill. kroner på Post 01 Driftsutgifter og 5,9 mill. kroner på Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse.

Under kap. 615 Yrkesskadeforsikring og kap. 616 Gruppelivsforsikring blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med respektive 1 mill. kroner under kap 615 og 4 mill. kroner under kap 616.

6.2 Avtalefesta pensjon i privat sektor

Etter lov AFP-tilskottslova, jf. lov av 19. februar 2010 nr. 5 § 23, skal statens tilskott til pensjon etter reglane i kapittel 2 (ny AFP) utgjere 1/3 av pensjonen, medan kompensasjonstillegget etter kapittel 3 blir dekt fullt ut av staten. Statstilskottet til pensjon etter kapittel 4 (overgangsordninga) skal utgjere 40 prosent av pensjonen for pensjonistar over 64 år.

Årleg pensjon etter AFP-tilskottslova kapittel 2 utgjer 0,314 prosent av grunnlaget (summen av den einskildes inntekt) og er eit påslag til alderspensjon frå folketrygda. Pensjon etter kapittel 4

(overgangsordning) blir rekna ut som pensjonane frå folketrygda. AFP, med unntak av visse tillegg, skal regulerast årleg frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent.

Under kap. 666, post 70 Tilskott er det for 2011 løyvd 1 650 mill. kroner til statstilskott. Det blir gjort framlegg om å auke statstilskottet med 52 mill. kroner.

6.3 Pensjonstrygda for sjømenn

Etter lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn § 15 gir staten visse tilskott. Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for fartsmånader mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945. Etter § 8 er pensjonsordninga garantert av staten. Pensjonstrygda går med årlege underskott, som blir dekte av staten av di reguleringsfondet i ordninga er brukt opp.

Alderspensjonar frå Pensjonstrygda for sjømenn blir regulerte årleg med verknad frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Ved reguleringa blir dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nyttast.

Under kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott, er det for 2011 løyvd 395,3 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om å auke tilskottet med 27 mill. kroner.

6.4 Krigspensjonering

Staten dekkjer utgiftene til krigspensjon etter lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar (§ 19) og lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimestyrkepersonell og sivilpersonar (§ 25).

Etter tilleggslov om krigspensjonering av 29. juni 1951 nr. 34 skal krigspensjonar under utbetaling regulerast i samsvar med lønnsauken fram til fylte 67 år. Frå fylte 67 år skal krigspensjonane regulerast i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Ved regulering av pensjonar blir dei reguleringsfaktorane Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nyttast.

Under kap. 660, post 70 Tilskott militære og post 71 Tilskott sivile, er det for 2011 løyvd respektive 165 mill. kroner og 405 mill. kroner. For 2011 blir det rekna med meirutgifter på 5 mill. kroner til krigspensjoneringa for militærpersonar og 12 mill. kroner til krigspensjoneringa for heimestyrkepersonell og sivilpersonar. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga under kap. 660 Krigspensjonering med 17 mill. kroner for 2011.

6.5 Supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

Ved lov 29. april 2005 nr. 21 om lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg, er personar over 67 år med liten eller ingen pensjon frå folketrygda sikra ei samla inntekt på nivå med minste pensjonsnivå. Ytingane frå ordninga blir prøvde mot inntekt og også mot formue. Det er vidare eit vilkår at stønadsmottakaren er busett i Noreg.

Stønaden er knytt til satsane for minste pensjonsnivå i folketrygda, og vil derfor auka i tråd med dei nye satsane for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2011.

Under kap. 667, post 70 Tilskott er det for 2011 løyvd 380 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga under kap. 667, post 70 Tilskott med 10 mill. kroner for 2011.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2011.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2011 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av
grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv.
frå 1. mai 2011**

I

Arbeidsdepartementet får fullmakt til å regulere pensjonar av statskassa på same måten som for statspensionistar.

II

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
611		Pensjonar av statskassa	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med	500 000
		frå kr 20 900 000 til kr 21 400 000	
612		Tilskott til Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med	531 100 000
		frå kr 8 966 600 000 til kr 9 497 700 000	
	70	For andre medlemer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving, blir auka med	5 900 000
		frå kr 100 000 000 til kr 105 900 000	
615		Yrkesskadeforsikring	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med	1 000 000
		frå kr 72 000 000 til 73 000 000	
616		Gruppelivsforsikring	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med	4 000 000
		frå kr 156 000 000 til kr 160 000 000	
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, overslagsløyving, blir auka med	5 000 000
		frå kr 165 000 000 til kr 170 000 000	
	71	Tilskott, sivile, overslagsløyving, blir auka med	12 000 000
		frå kr 405 000 000 til kr 417 000 000	

Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2011

Kap	Post	Formål	Kroner
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 395 270 000 til kr 422 270 000	27 000 000
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 1 650 000 000 til kr 1 702 000 000	52 000 000
667		Supplerande stønad til personar over 67 år	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 380 000 000 til kr 390 000 000	10 000 000
2620		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, overslagsløyving, blir auka med frå kr 2 680 000 000 til kr 2 761 000 000	81 000 000
2651		Ytingar under arbeidsavklaring	
	70	Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving, blir auka med frå kr 36 750 000 000 til kr 37 859 000 000	1 109 000 000
2655		Uførheit	
	70	Grunnpensjon, overslagsløyving, blir auka med frå kr 20 655 000 000 til kr 21 306 000 000	651 000 000
	71	Tilleggspensjon, overslagsløyving, blir auka med frå kr 33 190 000 000 til kr 34 202 000 000	1 012 000 000
	72	Særtillegg, overslagsløyving, blir auka med frå kr 2 087 000 000 til kr 2 153 000 000	66 000 000
	76	Yrkesskadetrygd, overslagsløyving, blir auka med frå kr 72 000 000 til kr 74 000 000	2 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, overslagsløyving, blir auka med frå kr 45 915 000 000 til kr 47 160 000 000	1 245 000 000
	71	Tilleggspensjon, overslagsløyving, blir auka med frå kr 76 500 000 000 til kr 78 588 000 000	2 088 000 000
	72	Ventetillegg, overslagsløyving, blir auka med frå kr 24 000 000 til kr 25 000 000	1 000 000
	73	Særtillegg, overslagsløyving, blir auka med frå kr 5 770 000 000 til kr 6 020 000 000	250 000 000

Kap	Post	Formål	Kroner
2680		Ytingar til gjenlevande ektefellar	
70		Grunnpensjon, overslagsløyving, blir auka med	40 000 000
		frå kr 1 260 000 000 til kr 1 300 000 000	
71		Tilleggspensjon, overslagsløyving, blir auka med	33 000 000
		frå kr 1 040 000 000 til kr 1 073 000 000	
72		Særtillegg, overslagsløyving, blir auka med	3 000 000
		frå kr 107 000 000 til kr 110 000 000	

Vedlegg 1**Tabellar**

Tabell 1.1 Oversikt over grunnbeløpet i folketrygda frå 1967.

Frå	Per år kr	Per md. kr	År	Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp kr
1.01.1967	5 400	450,00	1967	5 400
1.01.1968	5 900	491,67	1968	5 900
1.01.1969	6 400	533,33	1969	6 400
1.01.1970	6 800	566,67	1970	6 800
1.01.1971	7 200	600,00		
1.05.1971	7 500	625,00	1971	7 400
1.01.1972	7 900	658,33	1972	7 900
1.01.1973	8 500	708,33	1973	8 500
1.01.1974	9 200	766,67		
1.05.1974	9 700	808,33	1974	9 533
1.01.1975	10 400	866,67		
1.05.1975	11 000	916,67	1975	10 800
1.01.1976	11 800	983,33		
1.05.1976	12 100	1 008,33	1976	12 000
1.01.1977	13 100	1 091,67		
1.05.1977	13 400	1 116,67		
1.12.1977	14 400	1 200,00	1977	13 383
1.07.1978	14 700	1 225,00	1978	14 550
1.01.1979	15 200	1 266,67	1979	15 200
1.01.1980	16 100	1 341,67		
1.05.1980	16 900	1 408,33	1980	16 633
1.01.1981	17 400	1 450,00		
1.05.1981	19 100	1 591,67		
1.10.1981	19 600	1 633,33	1981	18 658
1.05.1982	21 200	1 766,67	1982	20 667
1.01.1983	21 800	1 816,67		
1.05.1983	22 600	1 883,33	1983	22 333
1.05.1984	24 200	2 016,67	1984	23 667
1.05.1985	25 900	2 158,33	1985	25 333
1.01.1986	26 300	2 191,67		
1.05.1986	28 000	2 333,33	1986	27 433
1.05.1987	29 900	2 491,67	1987	29 267
1.01.1988	30 400	2 533,33		
1.04.1988	31 000	2 583,33	1988	30 850
1.04.1989	32 700	2 725,00	1989	32 275
1.05.1990	34 000	2 833,33		
1.12.1990	34 100	2 841,67	1990	33 575
1.05.1991	35 500	2 958,33	1991	35 033
1.05.1992	36 500	3 041,67	1992	36 167
1.05.1993	37 300	3 108,33	1993	37 033

Tabell 1.1 Oversikt over grunnbeløpet i folketrygda frå 1967.

Storleiken på grunnbeløpet	Per år kr	Per md. kr	Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp
Frå	År	Beløp kr	
1.05.1994	38 080	3 173,33	1994
1.05.1995	39 230	3 269,17	1995
1.05.1996	41 000	3 416,67	1996
1.05.1997	42 500	3 541,67	1997
1.05.1998	45 370	3 780,83	1998
1.05.1999	46 950	3 912,50	1999
1.05.2000	49 090	4 090,83	2000
1.05.2001	51 360	4 280,00	2001
1.05.2002	54 170	4 514,17	2002
1.05.2003	56 861	4 738,42	2003
1.05.2004	58 778	4 898,17	2004
1.05.2005	60 699	5 058,25	2005
1.05.2006	62 892	5 241,00	2006
1.05.2007	66 812	5 567,67	2007
1.05.2008	70 256	5 854,67	2008
1.05.2009	72 881	6 073,42	2009
1.05.2010	75 641	6 303,42	2010
1.05.2011	79 216	6 601,33	2011

Tabell 1.2 Utviklinga av minste pensjonsnivå for alderspensjonistar, uførepensjonistar og unge uføre i perioden 1.05.1992 - 30.04.2012. Kroner.

	Minste pensjonsnivå					
	Alderspensjonist		Uførepensjonist		Unge uføre fødde etter 1940	
	Einslege Per år	Ektepar Per år	Einslege Per år	Ektepar Per år	Per år	
1.05.92-30.04.93	58 583	94 752	58 583	94 752	87 096	
1.05.93-31.12.93	59 868	96 816	59 868	96 816	88 992	
1.01.94-30.04.94	59 868	101 088 ¹	59 868	101 088 ¹	88 991	
1.05.94-31.12.94	61 116	103 200	61 116	103 200	90 852	
1.01.95-30.04.95 ²	61 512	103 992	61 512	103 992	90 852	
1.05.95-30.04.96	63 372	107 136	63 372	107 136	93 600	
1.05.96-30.04.97	66 240	111 984	66 240	111 984	97 836	
1.05.97-30.04.98 ³	69 360	117 456	69 360	117 456	101 412	
1.05.98-30.04.99 ⁴	81 360	140 040	81 360	140 040	108 252	
1.05.99-30.04.00	84 204	144 912	84 204	144 912	112 032	
1.05.00-30.04.01	88 032	151 512	88 032	151 512	117 132	
1.05.01-30.04.02	92 100	158 520	92 100	158 520	122 544	
1.05.02-30.04.03	97 140	167 208	97 140	167 208	129 252	
1.05.03-30.04.04	101 964	181 200 ⁵	101 964	181 200 ⁵	135 660	
1.05.04-30.04.05	105 408	190 248 ⁶	105 408	190 248 ⁶	140 244	
1.05.05-30.04.06	108 852	199 512 ⁷	108 852	199 512 ⁷	144 828	
1.05.06-30.04.07	112 788	206 712	112 788	206 712	150 060	
1.05.07-30.04.08	119 820	219 600	119 820	219 600	159 420	
1.05.08-30.04.09 ⁸	136 296	251 496	136 296	251 496	173 532 ⁹	
1.05.09-30.04.10 ¹⁰	143 568	265 272	143 568	265 272	180 012	
1.05.10-30.04.11 ¹¹	151 272	279 864	151 272	279 864	186 828	
1.05.11-30.04.12 ¹²	157 639	291 644	158 424	293 088	195 660	

¹ Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.1994. Ny sats $2 \times 60,5$ pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

² Heving av sats for særtillegget frå 1.01.1995. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

³ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1997. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst).

⁴ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1998. Ordinær sats utgjorde 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats er 74 pst. av grunnbeløpet.

⁵ Grunnpensjonen for ektepar auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1.05.2003.

⁶ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,825 G frå 1.05.2004.

⁷ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,85 G frå 1.05.2005.

⁸ Ordinær sats for særtillegget auka til 94 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2008.

⁹ Dei medrekna framtidige pensjonspoenga for unge uføre blei heva frå 3,30 til 3,50 frå 1.05.2008.

¹⁰ Ordinær sats for særtillegget auka til 97 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2009.

¹¹ Ordinær sats for særtillegget aukar til 100 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2010.

¹² Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar er regulerte i samsvar med lønnsveksten og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa, medan minstepensjon for uførepensjonistar er regulert i samsvar med grunnbeløpet (lønnsveksten) frå 1.05.2011. Eit ektepar med alderspensjon er sikra eit samla pensjonsnivå tilsvarende to gonger ordinær sats.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Tabell 1.3 Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einslege og ektepar (begge pensjonistane har særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdien. 1970-2010.

År	Særtilleggssats ved utgangen av året (pst. av G)		Årlege minstepensjonar		Gj.sn. grunnbeløp kr	Minstepensjon			Endring i realverdi frå året før
	Høgaste pst.	Lågaste pst.	Einsleg kr	Ektepar kr		Einsleg pst.	Ektepar pst.	Gj.sn. grunnbeløp kr	
1970	7,50	7,50	7 810	11 970	6 800	-	-	-	-
1971	14,00	14,00	8 900	13 850	7 400	6,8	8,4	2,0	
1972	17,00	16,00	9 664	15 023	7 900	1,7	1,6	-0,0	
1973	17,00	16,00	10 445	16 220	8 500	0,2	0,1	-0,2	
1974	17,00	16,00	11 655	18 101	9 533	2,3	2,3	2,8	
1975	21,50	20,25	13 308	20 696	10 800	2,3	2,4	1,5	
1976	25,00	24,00	15 363	24 215	12 000	5,6	7,0	1,6	
1977	31,00	30,00	17 770	28 331	13 383	5,9	7,1	2,1	
1978	36,00	35,00	20 228	32 760	14 550	5,3	6,9	0,6	
1979	40,00	39,00	21 780	35 406	15 200	2,9	3,3	-0,1	
1980	44,00	41,00	24 345	39 339	16 633	0,7	0,1	-1,5	
1981	48,00	45,00	27 882	45 066	18 658	1,0	1,0	-1,1	
1982	49,00	46,00	31 228	50 633	20 667	0,5	0,9	-0,6	
1983	51,50	47,50	34 153	55 248	22 333	0,8	0,6	-0,4	
1984	52,50	48,50	36 516	59 056	23 667	0,5	0,5	-0,4	
1985	53,00	49,00	39 220	63 496	25 333	1,7	1,8	1,3	
1986	54,50	49,75	42 884	69 196	27 433	2,1	1,7	1,1	
1987	54,50	49,75	45 724	73 776	29 267	-2,0	-2,0	-1,9	
1988	57,00	52,25	48 786	78 966	30 850	0,0	0,4	-1,2	
1989	57,00	52,25	51 174	82 896	32 275	0,3	0,4	0,1	
1990	58,00	53,25	53 438	86 652	33 575	0,3	0,4	-0,1	
1991	60,50	54,80	56 112	90 840	35 033	1,5	1,3	0,8	
1992	60,50	54,80	58 048	93 890	36 167	1,1	1,0	0,9	
1993	60,50	54,80	59 440	96 128	37 033	0,1	0,1	0,1	
1994	60,50	60,50 ¹	60 700	102 496	37 820	0,7	5,1	0,7	
1995	61,55	61,55 ¹	62 752	106 088	38 847	0,9	1,0	0,2	
1996	61,55	61,55 ¹	65 284	110 368	40 410	2,8	2,8	2,8	
1997	63,20	63,20 ¹	68 320	115 632	42 000	2,0	2,1	1,3	
1998	79,33	79,33 ¹	77 360	132 512	44 413	10,7	12,1	3,4	
1999	79,33	79,33 ¹	83 256	143 288	46 423	5,2	5,7	2,2	
2000	79,33	79,33 ¹	86 756	149 312	48 377	1,0	1,0	1,0	
2001	79,33	79,33 ¹	90 744	156 184	50 603	1,5	1,5	1,5	
2002	79,33	79,33 ¹	95 460	164 312	53 233	3,9	3,9	3,9	
2003	79,33	79,33 ¹	100 356	176 536	55 964	2,6	4,9	2,6	
2004	79,33	79,33 ¹	104 260	187 232	58 139	3,4	5,6	3,4	
2005	79,33	79,33 ¹	107 704	196 424	60 059	1,7	3,3	1,7	
2006	79,33	79,33 ¹	111 476	204 312	62 161	1,2	1,7	1,2	
2007	79,33	79,33 ¹	117 476	215 304	65 505	4,6	4,6	4,6	
2008	94,00	94,00 ¹	130 804	240 864	69 108	7,3	7,8	1,6	
2009	97,00	97,00 ¹	141 144	260 680	72 006	5,7	6,0	2,0	
2010	100,00	100,00 ¹	148 704	275 000	74 721	2,8	3,0	1,3	

¹ Om begge ektefellane har særtillegg

Tilleggsloyvingar som følge av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2011

Tabell 1.4 Personar med pensjon/overgangsstønad frå folketrygda.

	Per 31. desember 2008			Per 31. desember 2009			Per 31. desember 2010		
	Talet på personar	Av dette med minste-yting	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minste-yting	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minste-yting	I pst. av alle
Alderspensjonistar	642 815	191 887	30	650 871	186 875	29	663 799	185 564	28
Uførepensjonistar	295 968	57 126	19	296 354	57 093	19	301 088	58 367	19
Gjenlevande ektefellar	22 905	5 681	25	22 277	5 903	26	21 475	6 138	29
Tidlegare familiepleiarar	126	126	100	125	125	100	104	104	100
Ugifte forsørgjarar og skilte separerte forsørgjarar	21 717	21 717	100	23 228	23 228	100	23 087	23 087	100
I alt	983 531	276 537	28	992 855	273 224	28	1 009 553	273 260	27

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Tabell 1.5 Alders- og uførepensjonistar med særtillegg og sats for særtillegg per 31.12.2010.

	Høgaste sats			Lågaste sats ¹		
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt
Alderspensjonistar i alt	90 232	19 662	109 894	72 120	3 550	75 670
67-69 år	7 169	2 675	9 844	12 290	534	12 824
70 år og over	83 063	16 987	100 050	59 830	3 016	62 846
Uførepensjonistar i alt	33 946	11 040	44 986	12 192	1 189	13 381
Under 50 år	6 148	3 692	9 840	450	207	657
50-59 år	14 211	4 262	18 473	2 689	438	3 127
60-66 år	13 475	3 043	16 518	8 896	530	9 426
67-69 år	112	43	155	157	14	171
I alt	124 178	30 702	154 880	84 312	4 739	89 051

¹ Den lågaste satsen omfattar også dei som har særtillegg som ligg mellom høg og låg sats (jf. endring i særtilleggssatsane for ektefellar frå 1.01.94).

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Tabell 1.6 Alderspensjonistar og uførepensjonistar med heil (ugradert) pensjon, samt gjenlevande ektefellar med og utan tilleggspensjon per 31. desember 2010¹

	Berre pensjonistar med heil pensjon		Gjenlevande ektefelle med pensjon/overgangsstønad	I alt
	Alderspensjonistar med heil pensjon	Uførepensjonistar med heil pensjon		
Utan tilleggspensjon	41 790	7 628	496	49 914
Under 0,55 G	79 405	24 899	10 094	114 398
0,55 G - 0,60 G	7 679	2 162	795	10 636
0,60 G - 0,80 G	35 279	9 732	2 868	47 879
0,80 G - 1,00 G	43 008	11 717	2 400	57 125
1,00 G - 1,50 G	128 677	54 927	3 598	187 202
1,50 G - 2,00 G	141 613	78 427	1 196	221 236
Over 2,00 G	186 348	57 202	28	243 578
I alt	663 799	246 694	21 475	931 968

¹ Uførepensjonistar med graderte pensjonar er ikkje med i tabellen. Alderspensjonistar har i 2010 ikkje hatt graderte pensjonar.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Tabell 1.7 Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fekk godskrive pensjonspoeng etter særreglar for uførepensjonistar)¹

År	Talet på personar			I prosent av folketaket 17-69 år per 31. desember	
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner pst.	Menn pst.
1967	379 284	1 000 303	1 379 587	31,0	82,0
1970	406 912	1 000 262	1 407 174	32,7	80,3
1973	467 148	1 019 234	1 486 382	36,8	79,9
1975	506 236	1 034 142	1 540 378	39,4	79,9
1977	581 234	1 068 877	1 650 111	44,7	81,5
1978	616 895	1 074 064	1 690 959	47,2	81,3
1979	646 502	1 081 518	1 728 020	49,2	81,5
1980	677 229	1 096 561	1 773 790	51,2	82,1
1981	698 253	1 097 511	1 795 764	52,5	81,6
1982	710 012	1 083 001	1 793 013	53,1	79,9
1983	722 474	1 080 593	1 803 067	53,6	79,1
1984	745 200	1 087 816	1 833 016	53,0	79,1
1985	776 418	1 100 216	1 876 634	56,9	79,3
1986	812 883	1 122 975	1 935 858	59,1	80,2
1987	846 414	1 128 753	1 975 167	61,1	79,9
1988	861 669	1 128 573	1 990 242	61,8	79,1
1989	850 403	1 099 913	1 950 316	60,7	76,7
1990	856 668	1 089 392	1 946 060	61,0	75,8
1991	865 544	1 082 327	1 947 871	61,4	74,9
1992	872 979	1 079 078	1 952 057	61,7	74,3
1993	884 425	1 081 504	1 965 929	62,2	74,2
1994	900 904	1 099 311	2 000 215	63,2	75,2
1995	918 852	1 116 499	2 035 351	64,2	76,1
1996	935 019	1 132 310	2 067 329	65,0	76,9
1997	951 227	1 154 670	2 105 897	65,8	78,0
1998	971 935	1 117 106	2 089 041	66,8	79,0
1999	982 630	1 180 713	2 163 343	67,1	78,7
2000	993 640	1 184 738	2 178 378	67,5	78,4
2001	1 004 786	1 192 262	2 197 048	67,9	78,6
2002 ²	1 042 390	1 217 940	2 260 330	69,9	79,7
2003	1 047 220	1 213 481	2 260 701	69,7	78,8
2004 ³	1 055 298	1 220 056	2 275 354	69,6	78,6
2005	1 066 792	1 233 628	2 300 420	69,6	78,6
2006	1 091 040	1 268 836	2 359 876	70,3	79,7
2007	1 122 217	1 310 901	2 433 188	71,4	80,8
2008	1 156 258	1 354 359	2 510 617	72,4	81,8
2009	1 161 760	1 306 800	2 468 560	71,6	77,7

¹ Personar med pensjonsgjenvande inntekt som døydde eller utvandra i året er tekne ut frå 1982.² Frå 1.1. 2002 er rehabiliteringspengar og attføringspengar pensjonsgjenvande inntekt.³ Frå 1.1. 2004 blei det innført ei ny uføreyting, tidsavgrensa uførestønad, som er pensjonsgjenvande inntekt.

Tabell 1.8 Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspoeng for ikkje-uføre 1967-2009.

År	Kvinner	Menn
1967	1,88	3,55
1968	1,87	3,52
1969	1,84	3,49
1970	1,90	3,63
1971	1,96	3,82
1972	2,03	3,89
1973	2,08	3,96
1974	2,09	4,01
1975	2,19	4,14
1976	2,30	4,29
1977	2,26	4,30
1978	2,26	4,32
1979	2,23	4,29
1980	2,27	4,31
1981	2,31	4,30
1982	2,33	4,20
1983	2,36	4,25
1984	2,41	4,30
1985	2,46	4,36
1986	2,53	4,40
1987	2,69	4,60
1988	2,74	4,64
1989	2,77	4,54
1990	2,88	4,61
1991	2,95	4,61
1992	2,92	4,25
1993	2,95	4,24
1994	2,99	4,27
1995	3,02	4,30
1996	3,06	4,32
1997	3,10	4,37
1998	3,13	4,41
1999	3,18	4,42
2000	3,19	4,41
2001	3,22	4,43
2002	3,21	4,39
2003	3,20	4,32
2004	3,18	4,28
2005	3,20	4,28
2006	3,24	4,31
2007	3,27	4,34
2008	3,32	4,35
2009	3,36	4,38

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Vedlegg 2

**Protokoll fra møtet 14. april 2011 mellom representanter for
staten og representanter fra Pensjonistforbundet,
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon,
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge,
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, Unio og
Akademikerne for å gjennomgå rapporten fra Det tekniske
beregningsutvalget for inntektsoppgjørene Grunnlaget for
inntektsoppgjørene 2011 av 5. april 2011**

Representanter for staten ved Arbeidsdepartementet og Finansdepartementet og representanter for Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, Unio og Akademikerne har i møte 14. april 2011 gjennomgått rapporten Grunnlaget for inntektsoppgjørene 2011 av 5. april 2011 fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene.

Ved gjennomgangen av rapporten konstaterte partene at utvalget foreløpig har anslått lønnsveksten for lønnstakere i alt til 3 ¾ prosent fra 2009 til 2010. Utvalget vil se nærmere på dette anslaget fram mot junirapporten. Videre konstaterte partene at lønnsveksten for lønnstakere i alt fra 2008 til 2009 er nedjustert fra 4,5 prosent til 4,2 prosent.

Partene vil vurdere tallene og komme tilbake til disse under drøftingene om reguleringen av grunnbeløpet og pensjoner fra 1. mai 2011.

Følgende var til stede på møtet:

- Pensjonistforbundet: Jan Aaboen og Rune Bugge Persson

- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon: Berit Therese Larsen
- Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner: Bettina Thorvik
- Landsorganisasjonen i Norge: Øystein Nilsen
- Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund: Bjørn Tore Stølen
- Unio: Erik Orskaug
- Akademikerne: Anders Kvam
- Arbeidsdepartementet: Roger Nordhagen, Sara Bruvoll, Simen Fremmergård og Tormod Belgum
- Finansdepartementet: Siri Wingaard

Oslo, 14. april 2011
Pensjonistforbundet
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
Landsorganisasjonen i Norge
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
Unio
Akademikerne
Arbeidsdepartementet

Vedlegg 3

**Protokoll fra møtene 13., 18. og 20. mai 2011 mellom
Regjeringen og Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes
Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av
funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen
i Norge, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, Unio og
Akademikerne om tallgrunnlaget for regulering av
grunnbeløpet og pensjoner i folketrygden
fra 1. mai 2011**

Følgende har vært til stede på ett eller flere av møtene:

Pensjonistforbundet: Borge Rørvik, Inger Johanne Knudsen, Liv Thun, Bjørg Hageløkken, Harald Olimb Norman, Rune Bugge Persson, Kjell Bjerke, Jan Aaboen og Torolf Støyva

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon: Knut Magne Ellingsen, Liv Arum og Stian Oen

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner: Arne Lein og Vibeke Seim Haugen

Landsorganisasjonen i Norge: Trine Lise Sundnes og Øystein Nilsen

Unio: Erik Orskaug, Eva Nærby og Eli Vinje

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund: Bjørn Tore Stølen

Akademikerne: Anders Kvam

Arbeidsdepartementet: statsråd Hanne Bjurstrøm, Roger Nordhagen, Simen Fremmergård, Sara Bruvoll, Knut Melheim, Tormod Belgum, Oddbjørn Haga og Espen Halland Dahl

Finansdepartementet: statssekretær Morten Søberg, Yngvar Tveit og Siri Wingaard

Organisasjonene la i møtet 13. mai 2011 fram følgende:

«Pensjonistforbundet, Landsorganisasjonen i Norge (LO), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO), Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS) og Akademikerne heretter kalt ”organisasjonene” viser til at det fra Arbeidsdepartementets

side er blitt varslet at trygdeforhandlingene for 2011 avholdes 13. og 18. mai 2011.

Organisasjonene fremmer med dette følgende krav:

1. Etterregulering av grunnbeløpet

I følge rapporten Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2011 av 5. april 2011 fra det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene er lønnsveksten for lønnstakere i alt fra 2009 til 2010 $3 \frac{3}{4}$ prosent. I trygdeoppgjøret i 2010 la partene til grunn en årlønnsvekst for alle lønnstakere på $3 \frac{1}{4}$ prosent fra 2009 til 2010. På denne bakgrunn mener organisasjonene at det foreligger et etterslep for denne perioden på 0,5%. Det fremmes derfor krav om oppjustering av årsnivået for grunnbeløpet i 2010 med samme prosent.

2. Regulering av grunnbeløpet

Organisasjonene viser til Forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden.

Regjeringens eget anslag for årlønnsvekst for alle grupper fra 2010 til 2011 er på 3,9 prosent, slik det fremkommer i revidert nasjonalbudsjett for 2011.

På bakgrunn av dette legger vi inn krav om en årsvekst i grunnbeløpet fra 2010 til 2011, etter etterregulering på 0,5% på 3,9 prosent.”

I møtet 18. mai 2011 redegjorde arbeidsministren for tallgrunnlag for regulering av pensjonene fra 1. mai 2011, i samsvar med forskrift 6. mai 2011

nr. 0465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden, jf. folketrygdloven §§ 1-4, 19-14 og 20-18.

Etter fellesmøter og særsmøter 13., 18., 19. og 20. mai 2011 er partene enige om at følgende legges til grunn for reguleringen av grunnbeløpet og pensjoner i folketrygden fra 1. mai 2011:

- at forventet lønnsvekst i inneværende år er 3,9 prosent
- at faktisk lønnsvekst for 2010 foreløpig er beregnet til 3,75 prosent, det vil si et avvik på

0,5 prosentpoeng i forhold til fjorårets anslag på 3,25 prosent.

Oslo, 20. mai 2011

Pensjonistforbundet

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner

Landsorganisasjonen i Norge

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Unio

Akademikerne

Arbeidsdepartementet



Norges Tidsskrifter

241491

Trykk: A/S O. Fredr Arnesen. Mai 2011